



## Møteprotokoll

**Utval:** Arbeidsutvalet

**Møtestad:** Setesdalsmuseet, Rysstad i Setesdal

**Dato:** 10.1.2013

**Tidspunkt:** 10:00 – 14:00

### AU-medlemmer som møtte

Namn	Funksjon	Representerer
Jonny Liland	Nestleiar	Sirdal kommune
Torkel Myklebust	Medlem	Suldal kommune
Tarald Myrum	Leiar	Valle kommune
Oddlaug Tjomsland	Medlem	Vest-Agder fylkeskommune

### Forfall

Namn	Funksjon	Representerer
Oddmund Ljosland	Medlem	Åseral kommune

### Frå administrasjonen møtte

Namn	Stilling
Mikkel Christensen	Områdeforvaltar
Tarjei Haugen	Områdeforvaltar
Alf Odden	Områdeforvaltar

Vi stadfester med underskriftene våre at det som er ført i møteprotokollen, er i samsvar med det som vart vedtatt på møtet.

Tarald Myrum  
(sign.)

Torkel Myklebust  
(sign.)

## Sakliste

Utvals- saksnr.	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr.
AU 1/13	Godkjenning av sakliste og innkalling		2003/2670
AU 2/13	Val av eitt AU-medlem til å skrive under protokollen		2003/2670
AU 3/13	Orienteringssaker		2003/2670
AU 4/13	Byggerettleiar for SVR - Oversending til Direktoratet for naturforvaltning for fagleg godkjenning		2013/36
AU 5/13	Budsjettsøknad for SVR 2013		2012/5473
AU 6/13	Sykkelrittet Tour de Fjords		2013/60
AU 7/13	Restaurering av "Gamle Bossfjell" med tanke på naturbasert reiseliv og vidare arbeid med kulturminna etter Heibergperioden i heia		2012/950
AU 8/13	Søknad om dispensasjon til transport med snøskuter - Jonny Hagen - Åseral kommune		2012/5956
AU 9/13	Søknad om dispensasjon til transport med snøskuter - Åge Rysstad - Valle kommune		2012/5995
AU 10/13	Søknad om dispensasjon til kvisting og transport av varer med snøskuter - DNT Sør - Valle kommune		2012/5901
AU 11/13	Endringar i vedtektene for verneområdestyret		2013/25
AU 12/13	Rogaland Politidistrikt og Stavanger Røde Kors Hjelpekorps Søknad om dispensasjon til motorferdsle i Frafjordheiane landskapsvernområde, Sirdal, Gjesdal og Forsand kommuner		2012/5467
AU 13/13	Hjelmeland Røde Kors Søknad om motorferdsle i samband med kjentmannsturar i Vormedalsheia landskapsvernområde, Hjelmeland kommune		2013/123
AU 14/13	Eventuelt		2003/2670

### AU 1/13 Godkjenning av sakliste og innkalling

#### Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 10.1.2013

##### Handsaming i møtet

Saka vart tatt opp. Sekretariatet beklaga at innkallinga ikkje var sendt ut ei veke før møtet slik vedtektene krev. Bakgrunnen er tilbakevendande problem med Ephorte. Dette problemet må løysast av IKT-avdelinga hjå FMAA.

## **Vedtak**

Sakliste og innkalling vert godkjende.

Vedtaket var samrøystes.

## **AU 2/13 Val av eitt AU-medlem til å skrive under protokollen**

### **Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 10.1.2013**

#### Handsaming i møtet

Torkel Myklebust vart foreslått til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar.

## **Vedtak**

Torkel Myklebust vert vald til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar.

Vedtaket var samrøystes.

## **AU 3/13 Orienteringssaker**

### **Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 10.1.2013**

#### Handsaming i møtet

- Før møtet starta var det omvising og orientering om Setesdalsmuseet ved dagleg leiar, Anna Stella Karlsdottir.
- Dagleg leiar i Setesdal Regionråd, Signe Sollien Haugaa, orienterte om initiativ for å få Aust- Agder fylkeskommune til å bli medlem av Euromontana. Eit medlemskap i denne organisasjonen kan og vere aktuelt for SVR med tanke på deltaking i internasjonaliseringsprosjekt. Dei andre to fylkeskommunane i SVR må i så fall også utfordrast til å bli medlemmer. AU bad om at sekretariatet kom tilbake med ei sak om Euromontana på neste styremøte.
- Mikkel Emil Christensen er tilsett som områdeforvaltar i eit årsvikariat på Sirdalskontoret til SVR. Mikkel presenterte seg sjølv.
- Styreleiar og Tarjei Haugen orienterte om møte i Sirdal 18.12.12 med Sira-Kvina kraftselskap. Dei planlegg fleire prosjekt som vil føre til ein del mindre tiltak både i vernesona og i randsona. Møtet hadde karakter av ei førebels orientering om planane. Styreleiar, nestleiar og to av områdeforvaltarane deltok på møtet. FMVA var og til stades på orienteringa. Sira – Kvina kjem tilbake til saka med eigne konsesjonssøknader.
- Styreleiar, nestleiar og ein av områdeforvaltarane deltok på møte om restaureringsprosjektet «Gamle Bosfjell», 18.12.12 i Sirdal. Til stades på møtet var Arve Århus som representant for dei næringsdrivande i prosjektet. Styreleiar og Tarjei Haugen orienterte om møtet.

## **Vedtak**

Arbeidsutvalet tar orienteringane til etterretning.

Vedtaket var samrøystes.

## **AU 4/13 Byggerettleiar for SVR - Oversending til Direktoratet for naturforvaltning for fagleg godkjenning**

### **Forvalters innstilling**

AU tek framlegget til byggerettleiar til etterretning. AU oversendar framlegget til byggerettleiar, med dei endringane som vart gjort i møtet, til DN for fagleg godkjenning

### **Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 10.1.2013**

#### Handsaming i møtet

Områdeforvaltar Alf Odden orienterte om forslaget til byggerettleiar. AU drøfta saka grundig med utgangspunkt i disposisjon som var sendt ut saman med møteinnkallinga. Alle innspela vart notert av sakshandsamar. Revidert byggerettleiar vert sendt ut til gjennomsyn i AU før den vert sendt DN til fagleg vurdering.

AU ynskte at denne setninga vart tatt inn i vedtaket:  
«AU tar atterhald om slutthandsaminga av Heieplanen.»

### **Vedtak**

AU tar framlegget til byggerettleiar til etterretning. AU oversender framlegget til byggerettleiar, med dei endringane som vart gjort i møtet, til DN for fagleg godkjenning.

AU tar atterhald om slutthandsaminga av Heieplanen.

Vedtaket var samrøystes.

## **AU 5/13 Budsjettsøknad for SVR 2013**

### **Forslag til vedtak**

AU tar budsjettsøknaden for 2013 til etterretning.

AU understrekar samstundes at ein i arbeidet med neste års budsjett må starte prosessen tidlegare og syte for ei mykje betre involvering av sekretariatet og styret enn det som har vore tilfelle i arbeidet med dette budsjettet.

### **Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 10.1.2013**

#### Handsaming i møtet

AU drøfta saka og hadde ingen merknader til forslaget til vedtak.

### **Vedtak**

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket var samrøystes.

## **AU 6/13 Sykkelrittet Tour de Fjords**

### **Forslag til vedtak**

AU meiner at arrangementet opnar for ei spennande mulegheit til å marknadsføre verneområda våre til eit breitt publikum og løyver inntil 50 000 kr til utvikling av presentasjonar av SVR.

Løyvinga vert dekkja av fond etter forsøksordninga med lokal forvaltning.

### **Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 10.1.2013**

#### Handsaming i møtet

AU drøfta saka og hadde ingen merknader til forslaget til vedtak.

#### **Vedtak**

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket var samrøystes.

## **AU 7/13 Restaurering av "Gamle Bossfjell" med tanke på naturbasert reiseliv og vidare arbeid med kulturminna etter Heibergperioden i heia**

### **Forslag til vedtak**

AU ber om at sekretariatet innkallar til eit breitt samansett drøftingsmøte og sett i gang ein prosess for å vurdere om «Gamle Bossfjell» kan restaurerast med sikte på naturbasert reiseliv. Prosessen må avsluttast i løpet av hausten slik at styret kan handsame søknaden i løpet av 2013.

AU ber og om at sekretariatet tar initiativ til å organisere ei Heiberg-gruppe som kan ta hovudansvaret for arbeidet med denne delen av kulturhistoria i heia.

### **Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 10.1.2013**

#### Handsaming i møtet

AU drøfta saka og ynskte at forslaget til vedtak vart endra slik:

«AU ber om at sekretariatet innkallar til eit breitt samansett drøftingsmøte og sett i gang ein prosess for å vurdere om prosjektet «Gamle Bossfjell» kan akseptierast innafor verneforskriftene sine rammer. Prosessen må avsluttast i løpet av hausten slik at styret kan handsame søknaden i løpet av 2013.

AU ber og om at sekretariatet tar initiativ til å organisere ei gruppe som kan ta hovudansvaret for arbeidet med kulturhistoria i heia.»

#### **Vedtak**

AU ber om at sekretariatet innkallar til eit breitt samansett drøftingsmøte og sett i gang ein prosess for å vurdere om prosjektet «Gamle Bossfjell» kan akseptierast innafor verneforskriftene sine rammer. Prosessen må avsluttast i løpet av hausten slik at styret kan handsame søknaden i løpet av 2013.

AU ber og om at sekretariatet tar initiativ til å organisere ei gruppe som kan ta hovudansvaret for arbeidet med kulturhistoria i heia.

Vedtaket var samrøystes.

### **AU 8/13 Søknad om dispensasjon til transport med snøskuter - Jonny Hagen - Åseral kommune**

#### **Forslag til vedtak**

I medhald av kapittel IV, punkt 5.4, bokstav a i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde får Jonny Hagen, Leif Thorsland og Henry Åsland løyve til å bruke snøskuter til å legge til rette for skiljegard/opsamlingsplass for sau som beiter på sameiga deira på gnr. 1/bnr. 12 i Åseral kommune.

Transporten skal starte frå Kyrkjebygd og gå til Vevassdalen. Løyvet gjeld for inntil to transportar med inntil tre snøskuterar i fylgje.

Løyvet gjeld fram til 30.4.2013.

Andre vilkår går fram av standard løyve.

#### **Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 10.1.2013**

#### Handsaming i møtet

AU drøfta saka og hadde ingen merknader til forslaget til vedtak.

#### **Vedtak**

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket var samrøystes.

### **AU 9/13 Søknad om dispensasjon til transport med snøskuter - Åge Rysstad - Valle kommune**

#### **Forslag til vedtak**

I medhald av kapittel IV, punkt 5.4, bokstav c i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde får Åge Rysstad løyve til å bruke snøskuter til transport av ved, materialar, proviant, brensel og utstyr til bu ved Store Sandvatn i Uppstadheia, gnr. 60/bnr. 3 i Valle kommune.

Transporten skal starte frå Uppstad og gå etter køyretrasé som er godkjende av Valle kommune. Løyvet gjeld for inntil fem transportar per år. Transportane må gjennomførast seinast 14.4. kvart år.

Løyvet gjeld fram til 14.4.2016. Løyvet gjeld og for Tone Silje Rysstad.

Andre vilkår går fram av standard løyve.

## **Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 10.1.2013**

### Handsaming i møtet

AU drøfta saka og hadde ingen merknader til forslaget til vedtak.

### **Vedtak**

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket var samrøystes.

## **AU 10/13 Søknad om dispensasjon til kvisting og transport av varer med snøskuter - DNT Sør - Valle kommune**

### **Forslag til vedtak**

I medhald av kapittel IV, punkt 5.4, bokstav c i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde får DNT Sør løyve til å bruke snøskuter til transport av ved, materialar, proviant, brensel og utstyr til turisthyttene Stavskar, Bossbu, Svartenut, Øyuvsbu og Håheller i Valle kommune.

Etter § 48 i Naturmangfaldlova vert det og gjeve løyve til kvisting etter godkjende løyper og til ein årleg inspeksjon av solcelleanlegg og brannvarslarar på hyttene.

Transportane skal gjennomførast av lokale folk med løyve til leigekøyring og gå etter køyretrasear som er godkjende av Valle kommune. DNT Sør fordeler sjølv løyva på leigekøyrarane etter behov.

Transportane til Svartenut, Øyuvsbu og Håheller må gjennomførast seinast 14.4. kvart år. Kvistane på løypene til desse hyttene må og vere fjerna på same tid med unntak av løypa Bossbu - Svartenut som kan stå til 24.4.

Transportane til Bossbu må gjennomførast seinast 24.4. kvart år. Kvistane på løypa til denne hytta må og vere fjerna på same tid. Transportane til Stavskar må vere avslutta 30.4.

Løyvet gjeld utan avgrensing i talet på turar, men det må leverast årleg rapport til sekretariatet innan 1. juli kvart år. Løyvet gjeld fram til 25.4.2016.

Andre vilkår går fram av standard løyve.

## **Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 10.1.2013**

### Handsaming i møtet

AU drøfta saka og hadde ingen merknader til forslaget til vedtak.

### **Vedtak**

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket var samrøystes.

## **AU 11/13 Endringar i vedtektene for verneområdestyret**

### **Forslag til vedtak**

AU viser til brev frå Miljøverndepartementet om endringar i vedtektene for verneområdestyra og delegerer med dette myndigheit til områdeforvaltarane i SVR til å gjere vedtak i alle søknader som gjeld dispensasjon til ferdsle etter verneforskriftene. Delegeringa gjeld ikkje søknader som må vurderast etter § 48 i Naturmangfaldlova.

AU presiserer at det må innarbeidast gode rutinar for sakshandsaminga i sekretariatet slik at ein sikrar lik sakshandsaming i heile verkeområdet. Saker som sekretariatet vurderer som problematiske eller saker der forvaltarane er usamde, skal leggst fram for AU til avgjersle.

Delegeringa gjeld mellombels inntil neste styremøte der ein kan ta opp saka til endeleg handsaming.

### **Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 10.1.2013**

#### Handsaming i møtet

AU drøfta saka og hadde ingen merknader til forslaget til vedtak.

#### **Vedtak**

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket var samrøystes.

## **AU 12/13 Rogaland Politidistrikt og Stavanger Røde Kors Hjelpekorps Søknad om dispensasjon til motorferdsle i Frafjordheiane landskapsvernområde, Sirdal, Gjesdal og Forsand kommuner**

### **Forvalters innstilling**

I medhald av §2, §3, punkt 5.1 og §3, punkt 5.3a i Forskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde, får Rogaland Politidistrikt løyve til å bruke snøskuter til "kjentmannsturar" for Stavanger Røde Kors Hjelpekorps i Frafjordheiane landskapsvernområde.

Løyvet gjeld for inntil tre kjentmannsturar kvar år fram til 30.4.2016.

Kjentmannsturane skal starte ved Valevatn eller Høgaleitet i Hunnedalen, og skal i hovudsak følgje løypenettet til Stavanger turistforening mellom hyttane Sandvatn, Langevatn og Blåfjellenden. Kjentmannsturane må være gjennomført innan 30.04. kvart år.

Løyvet blir gjeve med desse vilkåra:

- Rogaland politidistrikt skal planlegge og være ansvarleg for kjentmannsturane
- Løyvet gjeld for tilsette i Rogaland Politidistrikt og medlemmer i Stavanger Røde Kors Hjelpekorps
- Kjentmannsturane skal skje omsynsfull, slik at ulempene for naturmiljøet og allmenne interesser **reduserast til eit minimum**



- For å unngå konflikter med brukarane av skiløypene mellom turisthyttane, bør ein så langt det er mogleg unngå at transportane gjennomførast i vinterferien, påskeferien og andre stor utfartshelger.
- Statens naturoppsyn skal kontaktas før gjennomføring av kjentmannsturane for informasjon om villrein i området. Søker må tilpasse motorferdselsaktiviteten i samsvar med disse opplysningane
- Dersom det blir observert reinsdyr langs kjøreruta, skal turen avventast til fare for uroing ikkje lenger er tilstades. Løyvet kan og trekkast attende på kort varsel dersom omsynet til viltet gjer det nødvendig
- En kort rapport om gjennomføringa av kjentmannsturane skal sendast forvaltningssekretariatet innan 1 desember kvart år

## **Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 10.1.2013**

### Handsaming i møtet

AU drøfta saka og hadde ingen merknader til forslaget til vedtak.

### **Vedtak**

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket var samrøystes.

## **AU 13/13 Hjelmeland Røde Kors Søknad om motorferdsle i samband med kjentmannsturar i Vormedalsheia landskapsvernområde, Hjelmeland kommune**

### **Forvalters innstilling**

I medhald av kapittel III og kapittel VI, punkt 1. i Forskrift om vern av Vormedalsheia landskapsvernområde, får Hjelmeland Røde Kors løyve til å bruke snøskuter til "kjentmannsturar" i Vormedalsheia landskapsvernområde. Turane skal gjennomførast saman med leigekjørerane Jon Helge Hausken og Lars Strøm når dei er ute på andre transportoppdrag. Kjentmannsturane skal starte på Fundingsland, og gå etter vanleg køyretrasé inn til Stakkstøl, Frigårdsheia, Fjellsenden og vidare til turisthytta på Melands-Grønahei.

Løyvet gjeld for inntil seks kjentmannsturar kvar år fram til 30.4.2016. Talet på turar blir sett såpass høgt fordi Hjelmeland Røde Kors er svært sentral i beredskapen, som den einaste operative leite- og redningsgruppa i område.

Dersom det blir observert reinsdyr langs kjøreruta skal turen avventast til fare for uroing ikkje lenger er tilstades. Løyvet kan og trekkast attende på kort varsel dersom omsynet til viltet gjer det nødvendig. Andre vilkår går fram av standard løyve.

## **Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 10.1.2013**

### Handsaming i møtet

AU drøfta saka og hadde ingen merknader til forslaget til vedtak.

**Vedtak**

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket var samrøystes.

**AU 14/13 Eventuelt****Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 10.1.2013**Handsaming i møtet

Tidspunkt og stad for neste styremøte vart drøfta.

**Vedtak**

Neste styremøte vert tysdag 12. mars i Forsand.

Vedtaket var samrøystes.